

Ein tur rundt øya Tysnes, gjennom eit frodig og variert landskap, i hjarta av Sunnhordland.

This tour takes us around the island of Tysnes through a rich and varied landscape in the very hearth of Sunnhordland.



Avstander/Distances:

Bergen - Halhjem	34 km
Halhjem - Våge	ferje/ferry 35 min.
Våge - Lunde	10 km
Lunde - Onarheim	16 km
Onarheim - Hodnanes	8 km
Hodnanes - Uggdal	15 km
Uggdal - Våge	7 km
Onarheim - Uggdal	13 km
Hodnanes - Jektevik	ferje/ferry 10 min)



Tysnes er ein øykommune som ligg der Hardangerfjorden møter skjergarden og havet utanfor. Dei ytre delane av øya Reksteren ligg med blankskurte svaberg mot Selbjørnfjorden, medan austsida av Tysnesøya har det karakteristiske Hardangerlandskapet med stupbratte fjellsider og frodig vegetasjon. Mellom desse ytterpunkta finst ein stor skjergard og eit flott fjellområde med toppar over 750 meter.

Tysnes var tidlegare ein typisk jordbrukskommune, men har no ei differensiert sysselsetjing. Kommunen har om lag 2.800 innbyggjarar.

Tysnes is an island municipality located where the Hardangerfjord meets the coastal archipelago and the ocean beyond. On the west side of Reksteren there is naked rock polished by North Sea waves while on the east side of Tysnes you find the typical Hardanger landscape with steep mountain sides and lush vegetation. Between these extremes you find a scattering of fjords and islands with mountains up to 750 metres.

Tysnes was previously a pastoral community but has now a differentiated economy supporting some 2800 people.



Reiserute

Frå Bergen følgjer du E39 syddover, passerar Nesttun og Os til ferjeleiet på Halhjem. Ferje til Våge over Bjørnefjorden (1).

Frå Våge (2), til venstre i rundkøyringa Rv49 forbi Gjerstad (3), passerer vegen ned til Godøysund (4) og vidare til Lunde (5). Frå Lunde til høgre inn til Fv78 forbi Vevatne (6), Hovland (7), Årbakka (8), Nedrevåge (9), til Onarheim (10).

Frå Onarheim, passerer vegen ned til Espevik (11), forbi Flakka (12), til Hodnanes (13). Til høgre inn på Rv49, forbi Flatråker (14), Uggdal (15) og retur til ferjekaien i Våge.

Alternativ rute frå Onarheim Fv79 forbi vegen til Solheimsdalen, passerer Uggdalsdalen til hovudruta i Uggdal.

Route

Go south on E39 from Bergen past Nesttun and Os to the ferry terminal at Halhjem. Ferry across Bjørnefjorden (1) to Våge.

From Våge (2) turn left in the roundabout on Rv49 past Gjerstad (3) and Godøysund (4) and on to Lunde (5). From Lunde turn right to Fv78 past Vevatne (6), Hovland (7), Årbakka (8), Nedrevåge (9), to Onarheim (10).

From Onarheim the road leads to Espevik (11), past Flakka (12) and to Hodnanes (13). Then turn right onto Rv49 and pass through Flatråker (Flat Acre) (14) and Uggdal (15) before returning to the ferry terminal in Våge.

Alternate route from Onarheim: Fv79 past the junction to Solheimsdalen, past Uggdalsdalen and back to the main route in Uggdal.



Lette og merka fotturar. Eigne kartskisser og informasjon for kvar tur

Easy and marked walks. Especially designed maps and information to each walk

Stader og ymse av interesse:

(1) Over **Bjørnefjorden** med ferja får du eit godt overblikk over nordsida av kommunen. Midt imot ser du Tysnessåto, med sine 753 m.o.h. Nedanfor fjellet ligg Godøysundområdet med hytter og fritidshus i ein vakker skjergard.

(2) **Våge** er handels- og kommunikasjonssentret i kommunen. Her finst turistkontor, gjestebrygge, bank, butikkar og serveringsstader. Frå kaien i Våge ser du mot aust den halvøya som ber namnet Tysnes, guden Ty sitt nes.

(3) På **Gjerstad** ligg den einaste ungdomsskulen i kommunen. Herifrå går *fottur 11A Ramnanuten*, og du kan parkere framfor skulen.

(4) Der Gjersvika sluttar, tek ein sideveg av mot **Godøysund**, der det har vore hotell drift frå 1883 - Godøysund Fjordhotell. Her kan du framleis ta ein tur på dei gamle «spaserveiene» som går rundt øya.

(5) **Lunde** er tredje største bygda i Tysnes, her finn du handel og bensinstasjon og ein del mindre industri-, service og jordbruksbedrifter.

(6) Rett etter Lunde kjem du til **Vevatnet**. Namnet tyder «det heilage vatnet», og dette vatnet står sentralt i teoriene om Tysnes som kultø. Vegen langs vatnet er eit lite vegbyggjarkunstverk i seg sjølv, og var eit stort framsteg for kommunikasjonane i kommunen då den vart bygd på 1930-talet.

(7) Vegen kjem ned mot Onarheimsfjorden/Ytre Hardangerfjord på **Hovland**. Dette var setegard for Axel Movatt, rikaste mannen på Vestlandet, på 1600-talet. Nett sør om Hovland på Ølfarneset på Tveit ligg ein offentleg badeplass.

(8) På **Årbakka** har det vore minst 6 bautasteinar og meir enn 20 gravrøyser er registrerte. Ut mot sjøen ligg den gamle handelsstaden. Frå Årbakka går *fottur 11B Årbakka-Nedrevåge*. Parkeringsplass ved den gamle handelsstaden.

(9) Vidare mot sør kjem du forbi Storgarden **Nedrevåge**. Miljøet her vart kåra til Tysnes kommune sitt offisielle kulturminne i samband med kulturminneåret 1997. *Sjå fottur 11B*.

(10) **Onarheim** var i vikingtida og frametter ein sentral plass i heile området. Hit kom storbønder så langt som frå Voss til det såkalla Onarheimgildet. I dag er Onarheim ei av dei større bygdene i Tysnes.

(11) Du kjem no inn i «kalkbeltet», og vil sjå at her er eit spesielt planteliv, mest karakteristisk er kanskje bergflette og kristtorn. Ved **Espevik** tok dei i 1882 til med klekking av østerssyngel og her driv 3. generasjon framleis med produksjon av kamskjel, oskjel og østers til forbruk.

(12) Kalkbeltet gav ei spesiell attåtning til gardane i området. Dei dreiv kalkbrenning fram til 1900. Det finst restar av kalkomnane rundt i Flakkavågen. Den største er restaurert og står nede ved hovudvegen på **Flakka**.

(13) I 1994 vart det opna nytt ferjeleie på **Hodnanes**, samstundes som ny veg vart bygd frå Skjelavik og til ferjekaien. Ferjeleiet har hatt mykje å seie for kommunikasjonane mot sør.

(14) Like før ferjekaien tek Rv49 av mot **Flatråker**. Her ligg Flatråker-vassdraget, med fleire store vatn, bundne saman av kanalar som vart nytta i tømmerfløytinga. Området eignar seg godt for friluftsliv og kanopadling.

(15) På Søreide kjem du forbi krysset der vegen tar av til Reksteren. Reksteren er verd ei vitjing i seg sjølv, men denne gongen går vegen vidare til **Uggdal**. Her finn du butikkar, bensinstasjon, bank og kommuneadministrasjon. Mot sjøen passerer du Tysnes Sjø og Fritid, med ferieleiligheter, kafé og båtutleige. Frå parkering på Eidet går *fottur 11C Heningen-Myklestad*. Frå Uggdal er det berre nokre minutt attende til ferjekaien i Våge.

Places of interest and attractions:

(1) The ferry crossing of **Bjørnefjorden** gives you an excellent overview of the north side of this island community. In the middle is Tysnessåto (Tysnes Haystack) which is the tallest peak on these islands with 753 metres. In the foreground is Godøysund, a popular site for holiday houses and boating and fishing among the skerries.

(2) **Våge** is the community's trading centre with a tourist office, free mooring, bank, shops and restaurants. Just east of the harbour is Tysnes or Ty's Ness, a small peninsula named after the god Ty of Nordic Mythology.

(3) **Gjerstad** is home to the island's only junior secondary school. The *walk 11A* to Ramnanuten (Raven Peak) starts here. Parking in front of the school.

(4) At the end of Gjersvik turn left to **Godøysund** where Godøysund Fjordhotell has been in operation since 1883. Here you can still enjoy the old footpaths around the island.

(5) **Lunde** is the third largest settlement in the municipality of Tysnes and contains a petrol station, some shops and minor industry. (From here you can take Rv49 to the bridge over Lukksund).

(6) Shortly after Lunde you reach **Vevatnet** which means "Sacred Lake". This lake is central to the theory that the island of Tysnes was a place of worship and offering in ancient times. The road past the lake is in itself of considerable historical interest; built in 1930 it is one of the best examples of the art of road building of that time.

(7) At **Hovland** the road approaches the Hardangerfjord and Onarheimsfjord. Hovland was the home of Axel Movatt, the wealthiest man in Western Norway in the sixteen hundreds. There is a public beach just south of Hovland on Ølfarneset near Tveit. The word "Hov" denotes a pre-Christian place of worship.

(8) At **Årbakka** there are signs of at least six stone monuments and more than 20 burial mounds are officially registered. The old marketplace is located near the fjord and this is where you park when taking *walk 11B Årbakka-Nedrevåge*.

(9) Further south you pass the large farm **Nedrevåge**. The unique botanical and agricultural development in this area was designated as the Official Tysnes Community Cultural Exhibit in 1997. *See also walk 11B*.

(10) **Onarheim** was an important centre during and after the Viking era. The great, annual Onarheim Feast attracted powerful landholders from as far away as Voss. Today Onarheim is still one of the largest hamlets in Tysnes.

(11) You are now entering the "Chalk Belt", so called because of the chalky rock in the area. The calcareous soil supports a flora which is unique for this latitude, notably ivy and holly. At Espevik cultivation of spat and seed oysters started as early as 1882 and a third generation now produces scallops, oysters and horse mussels for consumption.

(12) The chalk deposits in the area were a valuable local resource in earlier times and burning of lime was a minor industry until 1900. The remains of lime quarries and pits can be seen in Flakkavågen and the last one is restored and can be visited near the main road in **Flakka**.

(13) In 1994 a new ferry terminal was constructed at **Hodnanes** and was connected to Skjelavik by a new road. The terminal and access road have greatly improved communication to the south.

(14) Just before the ferry terminal, Rv49 branches off towards **Flatråker**. Here you find the Flatråker Watershed with several large lakes connected by canals, which once were used for timber floating. The area is now excellent for canoeing and camping. Canoes for hire.

(15) At the junction at Søreide you can turn off to Reksteren. The island is a worthy destination in its own right, but today the tour continues to **Uggdal**. This is the administrative centre of the community with shops, petrol station and bank. By the fjord you find Tysnes Sea and Leisure with a restaurant and bungalows and boats for hire. The *walk 11C Heningen - Myklestad* starts from the parking area at Eide. From Uggdal it takes only a few minutes to drive back to the ferry terminal in Våge.